

# Velkommen til Medlemskveld!

**TID: 14. november kl. 18.30**

**STAD:** Alversund Kunst- og Kultursenter  
(*Gamle Alversund skule*)

## **PROGRAM:**

- **Presentasjon av LivOGLyst ved Vestland fylkeskommune**  
LivOGLyst er eit program og nettverk for deg som ønskjer å vidareutvikle lokalsamfunnet ditt. Føremålet med LivOGLyst er å styrkje lokalsamfunnet i brei forstand; styrkje lokal identitet, lysta til å bu og lokalt næringsliv.
- **Lansering av Alver Kulturråd sin nye Facebook-side**  
Denne kvelden lanserer vi Facebook-sida vår. Der får du vite kva kulturrådet driv med, og vi vil dele anna aktuell informasjon for våre medlemslag, kulturlivet og kulturinteresserte i Alver kommune. I tida framover vil vi også presentere alle våre 50 medlemslag på sida.
- **Presentasjon av Nordhordland Kunstlag**  
Kunstlaget er no godt på plass i nye lokale på gamle Alversund skule, og har etablert Alversund Kunst- og Kultursenter. Vi får høyre om prosessen bak, omvisning i lokala og orientering om deira aktivitetar.
- **Manger musikklag spelar for oss!**  
Vi tar ein tur innom øvinga deira i gymsalen på Gamle Alversund skule, og får nokre smakebitar frå deira repertoar.
- **Mat og prat**  
Det blir god tid til å slå av ein prat med fine folk frå dei andre medlemslaga. Vi byr på kaffi med noko attåt.